

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
091/21	Utval for næringutvikling og drift	22.06.2021

**Søknad til Næringsfondet 2021. Nordhordland Taxisentral SA - Elektrifisering av drosjestasjoner Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Elektrifisering av drosjestasjoner* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

**Utval for næringutvikling og drift 22.06.2021:**

**Handsaming:**

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**ND- 091/21 Vedtak:**

Prosjektet *Elektrifisering av drosjestasjoner* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

**Bakgrunn**

Nordhordland Taxisentral SA er eit samvirkeforetak. Bransje: 52.214 Drift av taxisentraler og annen formidling av persontransport. Registrert 05.08.2004. Kjelde: proff.no.

**Saksopplysningar:**

Nordhordland Taxisentral SA (NH Taxi) har pr. i dag 43 taxiar, og ca. 75 tilslutta sjåførar. Dei fleste løyvehavarar og sjåførar er busette i Alver kommune. Selskapet har inngått fleire store og langvarige kontraktar, og selskapet planlegg for vidare utvidingar av taxikapasiteten. NH Taxi har 3 stasjonar i Alver kommune; Skysstasjonen i Knarvik, Lindås Senter og i Coop- bygget på Manger.

Om prosjektet

For å kunne satse på el- taxiar i Nordhordland er det behov for lading på deira tre stasjonar. NH Taxi har motteke tilbod på etablering av elektroinstallasjonar. NH Taxi arbeider aktivt med å legge til rette for tidleg elektrifisering av sin bilpark.

NH Taxi vil ta heile kostnaden med drifta og fordelinga av ladekostnad mellom bilane. Det blir søkt stønad til etableringskostnadane av dei tre hurtiglading-stasjonane.

Prosjektleveranse/Målsetting

Etablering av hurtiglading-stasjonar vil kunne auka servicetilbodet til drosjekundar i regionen. Forutan det miljømessige, har el- drift av taxiar mange økonomiske oppsider for verksemda sine løyvehavarar framover.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Elektrifisering av drosjestasjoner	756 000	350 000	0

### Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til elektrifisering av drosjestasjoner får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

### **Vedlegg i saken:**

15.06.2021	21_Nh Taxisentral_soknad-2021-0009_26 mar 2021	1573076
14.06.2021	21_NH Taxisentral_Søknadsvedlegg_26 mar 2021	1573077